




Trivselsundersøking haust 2023

Kva klassetrinn høyrer du til?

31 svar




4. klasse stakk av med premien for %-vis flest svar med 80% og
10. klasse kom rett bak med 70%




Korleis trivst du på skulen i timane?

31 svar



Korleis trivst du på skulen i friminutta?

31 svar






Kva gjer at du trivst på skulen?

- Venner/mange gode vener der
- Folka og medelevar, og variert undervisning som eg forstår
- At eg kjenner mest alle
- Eg er veldig glad i morgonsamlinga kvar månad, for det er ein fin plass der heile skulen møtast både lærarar og elevlar
- Morsomme lærarar
- Venner, lærarar, fritidsaktivitetar
- Kjekke dagar
- At nokon leikar med meg
- Eg lærer mange ting og eg har friminutta
- At alle er snille med meg
- Har alltid nokon å vera med
- Hyggelige lærarar og eit godt skulemiljø
- At me får gjera gøye ting
- Dei andre elevane og lærarane
- Læra nye ting
- Det er gode lærarar på skulen
- Hyggelege folk og nokre kjekke timar
- Les i bok
- Å vera sosial
- At folk er snille



Vert du plaga eller erta på skulen?


31 svar



At jentene i klassen seier hei, og så spring dei vekk
Ikkje noko seriøst, bare tull
Blir kalt kallenamn nokre gonger
Blir jaga av nokon
Litt knuffing

Plagar eller ertar du andre?

31 svar





Vert du mobba på skulen?

31 svar



- Aldri
- Sjeldan
- Av og til
- Kvar veke
- Kvar dag

Mobbar du andre elevar på skulen?

31 svar




- Aldri
- Sjeldan
- Av og til
- Kvar veke
- Kvar dag



Plaging, erting eller mobbing av andre


Har du sett nokon som blir plagat/erta på skulen?

31 svar




Har du sett elevar som plagar/ertar medelevar på skulen?

31 svar



Har du sett nokon på skulen bli mobba?

31 svar





Kva kan du gjera for å betra skulemiljøet?

- Eg kan stå fram som eit godt førebilete, og snakka fint til mine medelevar
- Hjelpa andre og oppføra meg fint
- Tenkja det eg allereie gjer, føler at ting funker som det er
- Snakka skulen opp og positivt til andre
- Vera snill og grei mot andre
- Positiv energi
- Ikkje baksnakka andre folk, vera høfleg og inkluderande
- Å teikna og leika meir
- Seier "hallo"
- Spørja om andre vil vera med på leiken
- Spør om folk vil bli med, om nokon vil vera med og leika
- Fleire aktivitetar
- Høyra på beskjedar
- Eg kan vera ein god venn og trøysta dei som har det vondt når dei treng det
- Vera ein god ven og få med andre i leiken
- Å vera med andre, inkludera alle



Kva kan heimen gjera for å betra skulemiljøet?

- Ha god dialog
- Dei kan spørja meg om skuledagane mine
- Spør far om han kan skriva til Tonstad, eller andre skular, om dei vil gå på Sinnes
- Veit ikkje kor mykje heimen kan gjera anna enn om nokon har blitt mobba og ta det opp
- Snakka skulen opp og positivt til andre, og koma på møter som lærarane anbefalar at dei skal koma på
- Vera oppmuntrande
- Seia i frå når noko skjer
- Vera interesserte i det ungen gjer på skulen
- Vera positive til/snakka positivt om skulen, medelevar/klassekameratar og lærarar
- Delta på tilstelningar og ulike aktivitetar både på og utanfor skuletid
- Inviterer nokon på besøk, bli kjend
- God dialog
- Seia ifrå til dei som seier ting til barna sin, og seia det til foreldra som ertar
- Det får dei tenkja sjølv



Kva kan skulen gjera for å betra skulemiljøet?

- Dei kan få fleire vakter i friminutta, som går rundt og ikkje berre står der, og som kan passa på
- Ha litt fleire vaksne i klasserommet, så fleire kan få hjelp om gongen.
- På starten av timen kan me ha nokre gøye leikar
- Og så kunne me hatt fleire leikar på SFO, og at ungane kan vera snillare.
- Ha ein fin/god dialog med dei heime, og samarbeida med både elevar og foreldre
- Lytta når elevar seier noko, på både viktige og uviktige ting
- Skulen kan informera heimen om kva som skjer på skulen for å få eit betre skulemiljø
- Mindre arbeid som du må gjera heime
- Ein til ballbinge/fiksa veggen i ballbingen
- Følgja meir med i friminutta på kva dei eldste gutane på skulen gjer/seier mot dei yngre
- Brusmaskin 😊
- Ha fleire aktivitetar i regi av skulen, og eit finare uteområde med fleire leikestativ/leiker som fenger barna
- Ha fleire dagar med bading
- Fint om rektoren er med på leiken
- Eg vil gjerne ha meir TL
- Passa betre på dei som ikkje forhold seg til reglane
- Passa på at alle har det bra
- Hjelpa dei elevane som treng hjelp, og vera ein god lærar
- Fleire arrangement på tvers av klassane
- Gjera fleire gøye ting
- Meir aktivitetar retta mot ungdomsskulen




Kva kan me saman gjera slik at andre får lyst til vera elev på Sinnes skule?

- Gjera skulen og leikeområda meir innbydande
- Bruka meir tid på felles klasseseturar - vår og vinter, fleire skuleturar
- Satsa på elevane
- Invitera til ein visningsdag
- Ønska dei nye velkomne til skulen
- Snakka fint/positivt om skulen og andre
- Vera snille med kvarandre
- Ha meir gøy
- Betre skulemiljø og ikkje erta eller mobba
- Fortelja til andre kor godt me har det
- Halda fram med å snakka positivt om skulen, og posta meir på heimesida
- At me går mykje på tur
- Gjer skulen slik at ingen kranglar, og ingen bannar. Om det ikkje er nokon stygge ting, vil andre gå på han.
- Vera snille med kvarandre, men det hjelpe ikkje på at me ligg 1 time og 30 min unna ein stor by, så kanskje ikkje så unormalt at me ikkje er så mange og ikkje klarer å lokka til oss folk sidan me er i Sirdal. Det er ikkje bare bare å flytta opp hit
- Vera ærlege og seia sanninga om korleis skulen er, både positive og negative sider, for då kan folk som vurderer denne skulen, tenkja at dette er ein bra, open og ærleg skule
- Mindre arbeid som du må gjera heime
- Sjå litt betre ut, litt finare skule
- Fokusera på det positive/snakka positivt om skulen




Kor ofte brukar du mobiltelefon?

31 svar



Kor ofte brukar du internett og andre sosiale medium? (SnapChat, Tik-Tok, Facebook, Twitter, Instagram, e-post o.l.)?

31 svar






Mobbing via mobil og sosiale medium


Mobbar du andre via telefon (samtaler, SMS, MMS)

23 svar




Har du mobba andre via IKT (SnapChat, Facebook, Twitter, Instagram, e-post o.l.)?

18 svar



Har du vorte mobba via IKT (SnapChat, Facebook, Twitter, Instagram, e-post o.l.)?

18 svar





Korleis er skulevegen/på skulebussen?

- Bra, fint, OK
- Den er bråkete, men hyggeleg
- Kort, men over trafikkert veg
- Skuleveien er grei om sommaren, men på vinteren brøyter dei aldri sykkelstien, så det blir tungt og forferdeleg å sykla. dette bør fiksast. Har mest kome for seint
- Veldig kaldt. Eg frys kvar dag. Burde få varmeovn i busskuret
- Det er ikkje kjekt å ta skulebussen. Eg tek han på vinteren, og får mange kommentarar frå fleire om at eg burde sykla. Har sagt ifrå til rektor som tok det opp på skulebussen før jul. Det blei betre etterpå.
- Fint på Sinnes, kan vera noko bråk på bussen av og til
- Fint på Sinnes, og fint på bussen
- Av og til moro, av og til mykje lyd og bråk i bussen
- Eg sit saman med vener og har ein god tur til og frå skulen
- Kort og grei
- Frå sein vår til haust sykklar eg og det går heilt fint. Det er sykkelveg heilt heimanfrå og til skulen